

# Avtale om bru over Stegefossen på gnr 6 bnr 1 i Lindås kommune

## Avtale mellom

Eigar av gnr. 6 bnr. 1 i Lindås kommune, Hallfrid Magny Andås,

og Ostereidet bygdelag

1. Ostereidet bygdelag har rett til å oppføra og vedlikehalda gangbru over Stegefossen. Dette for å betra tryggleiken på stien som fører til Austlendingen. Kart som om lag viser staden er vedlagt avtalen.
2. Drift og vedlikehald skal ivaretakast av Ostereidet bygdelag, eller det lag eller den organisasjon som seinare gjer avtale med bygdelaget om å overta dette ansvaret. Eigar vil då få melding om dette så snart slik overdragingsavtale/ erklæring ligg føre.
3. Brua vil i utgangspunktet vera ei permanent bru for bruk heile året. Snø og is og behov for ekstraordinært vedlikehald kan gjere det naudsynt å ta brua bort frå elva i periodar av året.
4. Brua kan nyttast av alle som ferdast i området.
5. Denne avtalen gjeld i 20 år frå dagsett dato. Forlenging krev ny avtale.
6. Dersom Ostereidet Bygdelag eller det lag eller organisasjon som seinare gjer avtale med bygdelaget om å overta dette ansvaret ikkje følgjer opp avtalen, kan denne seiast opp med eitt års varsel.
7. Ostereidet bygdelag vil ha hovudansvaret for drift og vedlikehald av brua, inntil anna registrert organisasjon har teke over ansvaret gjennom skriftleg erklæring.
8. Denne avtalen om rett til å ha liggjande og vedlikehalda gangbru ved Stegefossen kan ikkje tinglysast.



9. Ostereidet bygdelag, eller det lag eller den organisasjon som seinare gjer avtale med bygdelaget om å overta dette ansvaret, skal aktivt arbeide for at bandtvangen vert overhalde av sine medlemmar og andre brukarar av brua. Det betyr å henga opp plakat om bandtvang nede ved starten av stien og i tillegg informera om bandtvangsreglane på heimesida til bygdelaget
- 10 Ved konflikt mellom bygdelaget og det laget eller organisasjon som seinare inngår avtale med bygdelaget om å overta dette ansvaret skal grunneigar sine interesser vega tyngst.

Dato 21.06.19 Stad Dy. Hordalen



Ola R. Jordal  
for /Ostereidet Bygdelag  
Org nr.

Dato 14.03.19 Stad Knarvik



Hallfrid Magny Andås  
Heimelshaver gnr. 6 bnr. 1 i Lindås  
personnummer ( )

